



Kunnskapsdepartementet

Høyringsuttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal – forslag til ny forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til høyring på framlegg til ny rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver, og i denne uttalen har vi valt å kommentere delar av utkastet til ny Rammeplan.

Uttalen har følgjande inndeling:

- Generelle kommentarar.
- Kommentarar knytt til struktur.
- Kommentarar knytt til innhald.
- Rettleiingsmateriell.

Generelle kommentarar

Rammeplanen er ei forskrift til barnehageloven, og er dermed eit vedtak som konstaterer barnehagen sine plikter. Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at ein i rammeplanen med fordel, i større grad enn tilfellet er i utkastet, kan vise direkte til paragrafar i barnehageloven og FN's barnekonvensjon. Dette vil synleggjere samanheng mellom lov og forskrift.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderer utkastet til ny rammeplan i hovudsak som eit godt styringsdokument og som eit godt arbeidsverktøy. Ein strammare form og eit meir kortfatta dokument gjer rammeplanen meir tilgjengeleg for aktørane i sektoren. Vi vurderer det som positivt og viktig at den nordiske barnehagemodellen vert vidareført og at barn sin rett til medverknad har fått sitt eige kapittel. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil understreke at det er viktig at barn sine rettar nedfelt i FN's barnekonvensjon også kjem tydeleg fram.

Departementet har lagt opp til ein brei og omfattande prosess i sektoren i utarbeidinga av framlegget og i høyringsperioden. Vi ser svært positivt på dette og registrerer stort engasjement og god aktivitet i eige fylke. Dette er eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med implementering av rammeplanen.

Kommentarar knytt til struktur

Fylkesmannen i Møre og Romsdal foreslår at kapittelet om ansvar og roller vert flytta og plassert tidlegare i kapittelinnndelinga i rammeplanen. Dette vil kunne bidra til at lesaren tidleg identifiserer eige ansvar og eiga rolle i forhold til innhaldet i dokumentet.

Kommentarar knytt til innhald

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Barnehagen sitt *verdigrunnlag* kjem tydeleg fram i utkastet til rammeplan. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er opptatt av at verdiane nedfelt i formål og samfunnsmandat er med og dannar gode haldningar og ein pedagogisk praksis som gjenspeglar verdigrunnlaget. Kva gjer ein når ein viser respekt? Kva gjer ein når ein utøver likeverd? Korleis gjer ein det når ein viser nestekjærleik? Vi foreslår at refleksjon rundt og operasjonalisering av verdier, kan omtalast og tydeleggjerast gjennom rettleiingsmateriell. Dette har med kjerneaktiviteten i barnehagen å gjere.

Livsmeistring og helse

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderer det som positivt at omgrepet *livsmeistring* er tatt med i utkastet. Det å sjå fysisk og psykisk helse i ein heilskap, og det å starte tidleg med innarbeiding av gode vanar, er sentralt. I det auka søkjelyset ein no set på inkludering og eit meir systematisk arbeid mot mobbing og krenkande atferd, er det viktig at barnehagen sitt arbeid med tidleg innsats på dette området, vert løfta fram.

Samarbeid mellom heim og barnehage

Det er viktig at leiken som barnet si sentrale uttrykksform kjem tydeleg fram. Ikkje minst i møte med mangfaldet og ulike kulturar er det viktig at leik og barnekultur, som ein viktig del av norsk barnehagekultur, vert tydeleg kommunisert også til foreldra.

Barnehagen sitt formål og innhald

I kapittelet om barnehagen sitt formål og innhald er formuleringa «personalet skal» brukt. Dette tydeleggjer kva handlingar og praksis ein forventar. Vi saknar likevel i dokumentet ei tydelegare avklaring og differensiering av oppgåver og ansvar knytt til styrar, pedagogisk leiar og barnehagelærar. Vi meiner og det er ein balansegang i bruken av «skal» og det å ivareta pedagogen sin fridom til utøving av profesjonsetisk skjønn.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Vurderingsarbeidet er ein viktig del av barnehagen si pedagogiske verksemd. Dette bør etter vår meining kome tydelegare fram. Korleis ein trekkjer barn og foreldre med i dette arbeidet er sentralt. Rettleiingsmateriell knytt til det didaktiske arbeidet kan vere aktuelt.

Overgangar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderer det som positivt at barnet sin start i barnehagen no også er definert som ein overgang og synleggjer ein periode som kan vere sårbar for barn og foreldre. Tilvenningsperioden er viktig og vi støttar at dette vert omtala i den nye rammeplanen.

Rettleiingsmateriell

Når det gjeld rettleiingsmateriell, er det viktig at ein oppdaterer dei temahefta ein ønskjer framleis skal vere gjeldande og retningsgivande for arbeidet i barnehagen. UH-sektoren i samarbeid med praksisfeltet er sentrale når det gjeld oppdatering, fornying og utvikling av nytt rettleiingsmateriell.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal foreslår at ein vurderer rettleiingsmateriell på følgjande område:

- Leik.
- Arbeid med leik- og læringsmiljø (førebygge mobbing og krenkande atferd – fokus på vaksenrolla).
- IKT.
- Vurdering og vurderingspraksis.
- Operasjonalisering av verdiane i formålsparagrafen.

Med helsing

Lodve Solholm

Alv Walgermo
utdanningsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.